

# Korleis går det no eigentleg?

Med utgangspunkt i samhandlingsavtale: *Tilvising,  
innlegging og utskriving.*

Sist revidert 2016.

Ny revidering 2019?

Inghild Mowatt  
og  
Elin Sørbotten




# Våre pasientar!

# Oppgåve

1. Kven kjenner til innhaldet i avtala om tilvising/inn og utskriving mellom HF og kommunane?
2. Kven har nytta avtalane aktivt det siste året?

# Kor finn ein delavtalen?



<http://innsida.helse-forde.no/>

<https://samhandling-sfj.no/grunnlagsdokumentasjon/samhandlingsavtale/delavtalar/>

# Melding om innlagt

- Dersom ein pasient har behov for hjelp frå kommunal helse-og omsorgsteneste etter utskriving skal sjukehuset straks sende varsel i form av elektronisk logistikkmelding.
- Dette gjeld òg for pasientar som alt mottek kommunal helse-og omsorgstenester.

# Melding om innlegging

- Kvifor er det ei utfordring at melding om innlagt pasient kjem seint?
  - Vaktskifte.
  - Nokre gonger vert pasient innlagt utan at omsorgstenestene er klar over det -> unødige tilsyn og tid går med til å «leite» etter pasient.
  - For at kommunen skal få gjort sin jobb, må først sjukehuset melde pasienten.

# Innleggingsskriv- kva skal innhaldet være?

*«Innleggingsrapporten skal m.a. innehalde ei tekstleg vurdering av pasienten sine funksjonar basert på ei funksjonsregistrering (i dag IPLOS), og i tråd med fastsette retningsliner oppsummert i rapport frå Vestlandsløftet av 13.10.14.*

*Innleggingsrapporten skal også innehalde korrekt medisinliste som er samordna med fastlegen si medisinliste»*

*(Delavtale tilvising/ innlegging og- utskrivning)*


I samband med trainee ordninga som vart forsøkt ut som eit prøveprosjekt mellom nokre kommunar og HF såg ein at det ikkje var samsvar mellom det ein såg i det kommunale epj systemet- og HF sitt journalsystem.

For å få fram IPLOS tekst, og ikkje berre tal så må ein hake av for dette før rapporten sendast.

Korleis skal sjukehusavdelinga skal kunne gjere ei funksjonskartlegging på dei få dagane pasientane er der, dersom ikkje dei kommunale tenestene som kjenner pasienten har gjort grunnlaget ute?



# Tidlegmelding



Skal sendast innan 24t etter innlegging,  
eller om behovet oppstår under opphaldet skal 24 t  
regelen løpe frå det tidspunktet behovet vert vurdert.

Den skal innhalde:

1. Status
2. Forventa forløp
3. Forventa utskrivningstidspunkt vurdert på tidspunkt for varslinga



# Kva treng dei kommunale tenestene tidleg melding om?

- Status pasient.
- Forventa forløp, og eventuelle endringar i funksjonsnivå.
- Dersom det er store endringar i funksjonsnivå, så treng vi tid å planlegge heimkomsten tidleg.





# Helseopplysning (undervegsvarsel v/ending)


- Dersom det oppstår endringer i forventa utskrivningstidspunkt.
- Avklare hjelpebehov.
- Søknad frå pasient om kommunal helse-og omsorgstenester til kommunen

# Helseopplysning- kvifor treng vi samhandle undervegs?

- Vi vil gjerne vite korleis det går med pasientane våre.
- Vi treng å vite om vi må gjere endringar på det tilbodet som pasienten i utgangspunktet har.
- Vi må vite om vi må gjere endringar og flytte pasienten over i eit høgare omsorgsnivå enn kva som var utgangspunktet ved innlegging.
- Behov for samarbeidsmøter?
- Når det ikkje er mogleg å gjere vurdering av pasienten sin status- så må kommunen få informasjon om dette.



# Førespurnad (undervegsmelding)



- Elektroniske dialogmeldingar som skal nyttast til utveksling av informasjon som er viktig for oppfølging av pasienten.
- Kan sendast seperat eller knytt til melding frå kommunen

# Undervegsmelding/Førespurnad.

- Treng ein informasjon om kvar pasienten skal- så må kommunen ha fått ei funksjonsvurdering som ein kan tildele omsorgsnivå utifrå.
- Kommunane er ulike! – og slik må det, og vil det være også framover.



# Utskrivingsklar

- Når ein pasient er definert som utskrivingsklar , skal sjukehuset straks varsle kommunen.
- Ein skal som hovudregel gje varsel på dagtid før det er forventa at pasienten vert definert som utskrivingsklar. Kommune bør svare på dette varselet. Svaret bør om mogeleg avklare om kommunen kan ta imot pasienten dagen etter og kor pasienten skal transporterast.

## Utskrivingsklar?

- melding til sjukehus om mottak av pasient.

- **Pasientar utan kjent tilbod i kommunen og skal skrivast ut til helg:** Skal meldast pr telefon.
- Varsel dagen før som hovudregel- **Dette bør svarast på** med ein plan for kvar pasienten skal transporterast.
- Om kommunen ikkje kan ta i mot- meldt frå om når ein trur tilbod vil være klart.
- Pasientar med behov for omfattande teneste **bør** komme til kommunane tidleg på dag.




# Melding til sjukehus om mottak av pasient.

- *”Kommunen skal etter å ha mottatt varsel om en utskrivingsklar pasient, jf.§10, straks gi beskjed om kommunen kan ta imot pasienten. Dette gjelder ikke dersom det foreligger omstendigheter utenfor kommunens kontroll som hindrer dette. Dersom kommunen ikke kan ta imot pasienten, skal sykehuset varsles om når et kommunalt tilbud antas å være klart. Kommunen skal straks gi beskjed når et kommunalt tilbud er klart for pasienten”.*
- Straks = seinast innan 3 timar.





# Utskrivingsrapport



- Tverrfagleg dokument som skal sendast før pasienten er reist frå avdelinga
- Skal innehalde sjukepleiesamanfating og godkjent epikrise/pasient informasjon med oppdatert medisinliste.

# Mottak i kommunen/ Heimkomsten

- **Kva treng vi?**
  - Epikrise (Før pasienten er komt til kommunen)
  - Medikamentliste.
  - Nødvendige tekniske hjelpemiddel.
  - Behandlingshjelpemiddel.
  - Medisinsk-teknisk utstyr- ikkje når pasienten skal til sjukeheim.
  - Utstyr og forbruksmateriell.



# Skrive ut pasienten

- Kommunen får ei logistikkmelding når pasienten vert utskreven. Viktig å gjere dette når pas reiser.
- Kommunen får òg ei logistikkmelding når pasienten blir utskreven som død.

# Kva syns Helse Førde at kommunane er gode på?

- Nokre kommunar svarar raskt.
- Pasient for raskare institusjonsplass.
- Nokre kommunar er svært gode på fritekst.
- Flott med melding motteke for å sikre heimkomsten.
- Hyggelege meldingar mellom oss.
- Innleggingsrapport kjem raskt.
- Greitt å ringe til kommunane.



# Kva tykkjer vi sjølv vi er gode på?

- Vi tek i mot pasientane når dei er utskrivingsklare.
- Tett dialog under innlegging.
- Bevisste på- og etterspør manglande opplysingar.
- Vi svarar raskt på PLO meldingar.
- Gode system for mottak og oppfølging av meldingar.
- Samhandlingsprosedyrane.
- Sender innleggingsnotat.
- God kommunikasjon internt i kommunen- tildelingskontor.





# Kva synest kommunane at Helse Førde er gode på

- Melding om innlagt pasient
- Samarbeide om rett tenestenivå og motivering av pas
- Informasjon når utskrivings tidspunktet blir endra
- Rask tilbakemelding på på e-meldingar
- Helseopplysning med søknad
- Gode på å følgje flytskjema i høve meldingane

# Kva tykkjer vi sjølve at vi er gode på?

- hake av for innlagt pasient
- sende tidlegmelding
- melder tidleg frå om behov
- dialogmeldingane
- skriftleg kommunikasjon /dokumentasjon
- sende melding dagen før utreise
- gjev opp tidspunkt for utreise
- betre utskrivingsrapport med sjukepleiesamanfatning

# Helse Førde: Framlegg til forbedring

- tlf.nr. i innkomstrappen, som gjeld 24/7
- skrive i innkomstrappen kor pas. bur/oppheld seg
- vite kva tilbod pas. får i kommunen før utreisedagen
- meir avklart om pas. skal ha medisinar med seg
- informasjon ved evt. framhald av iv antibiotika etter heimreise, gir kommunen det
- meir utfyllande informasjon ut frå IPLoS



# Kommunane: Framlegg til forbetring.

- Tidsfristar ved utskriving bør overhaldast- gje beskjed ved utsetjing.
- Det vert ofte signalisert behov for korttidsplass- utan at kommunen har fått uttale seg.
- Tilstrebe at pasientane skal komme til kommunen på dagtid.
- Viktig med telefonkontakt der ein ikkje nyttar e-meldingar.
- Opplæring i gjeldande rutinar til nyttilsette.
- Kontinuerleg arbeid med å betre rutinane.



# Andre kommentarar

## Helse Førde

- Opplev sjeldan å få svar av kommunane når det vert sendt avvik i Synergi.
- Vi er avhengige av transport, og kva dei kan stille med/når.
- Forenkle PLO- skjemaet? (for mange unødige klikk)

## Kommunane

- Samhandlinga fungerer i høve det aller meste.
- Medikamenthandtering er det mest utfordrande
- Tett dialog under opphaldet aukar kvaliteten på tenestene ved utskriving.
- Utfordrande med samarbeid kring poliklinisk behandling- dei nyttar ikkje PLO meldingar.
- Alt for mange pasientar kjem til kommunen på kveldstid.
- Sjukehuset må lese innleggingsrapportane nøye.